

Hallo i nedslagsfeltet!

Sidan sist har eg kome i gong med løps-sesongen og eg har vore med i to løp: Vårdilten i Ålesund og Valderløpet på Valderøy.

Den 4. april stilte eg til start i den 4,3 km lange Vårdilten(tidligare kalt Teledilten). Det var både ynge og eldre som stod på startstreken. Eg vart ganske importert over dei elste som kom i mål med ganske så bra tid. Eg håper eg blir så sprek som dei at eg stiller i løp som pansjonist! No, der i mot, var eg den yngste som stilte. Eg fekk ikkje sett heile løypa før eg starta, men den var godt merka så det gjekk bra. Halvvegs i løpet var det ein skikkelig tung motbakke, ved Sunnmøre museum. Den kom litt brått på meg, og eg fekk verkeleg kjørt meg opp der. Under løpet fekk eg problem med magen, som nok skyldas i at eg inntok mat før løpet som eg reagerte på. Det skal eg ta til lærdom! Eg fullførte løpet på tida 19.41. Egentlig er eg ganske nøgd med tida og satser på å forbetre ho utover i sesongen.

I går gjekk Valderløpet av stabelen. Løpet strekkjer seg rundt Valderøy og er heile 8,7 km langt, ein distanse som er lengre enn det eg plar springe. Det vart litt krøll med løpet for min del, og det var på nippen eg fekk starte i det heile. Eg hadde nemlig blitt fortalt at mi aldersgruppe skulle starte 15:22. Men då eg kom fram blei eg skikkelig skuffa, for heile feltet hadde starta klokka 15:00. Heldigvis var arrangørane villige til å la meg få starte med eiga stoppeklokke. Det resulterte i at eg måtte springe 12 minuttar etter dei andre. Heile løpet sprang eg aleine (bortsett fra at eg tok igjen nokon av dei andre), og fekk all motvinden sjølv. Planen var jo å springe like bak nokon med litt større fart enn meg, men planen gjekk i vasken. I mål kom eg på tida 41:35, og vart nr 3 i juniorklassa. Irritert på meg sjølv vart eg då eg fant ut at ei i same klasse som meg hadde slått meg med eit par sekund. Hadde eg vore saman med dei andre, hadde eg garantert slått ho, og forbedra tida mi! Men det får eg ta igjen neste år, for eg kjem sterkt tilbake!



No er det Konradløpet som er neste løpet programmet. Eg kjem heim att seint tirsdayskvelden før løpet fordi eg skal på «skule på hjul» frå mandagsmorgen til tirsdayskvelden. Det går ut på at klassa mi skal sitte i buss og få undervisning undervegs. Vi skal starte med å køyre ned Velledalen og lære om U- og V-dalar. Deretter skal vi til Atlanterhavsparken før vi reiser til Rjåneset for å padle i kano og overnatte til tirsday. Tirsday står vi opp tidelig for å fare til Runde og gå på fuglefjellet. Deretter skal vi seint på kvelden køyre heim. Gler meg! Det blir berre eit par timers søvn på meg før startskuddet går klokka 5 onsdag morgen, men eg skal prøve å gjere det beste utav det!

Mi personlige form er no vurdert til: 8,2

